

Vil du vere gaid i Vidalen stavkyrkje?

Kyrkjeleg fellesråd i Vest-Aurdal har hovudansvaret for gaidtenesta i Vidalen stavkyrkje frå 20. juni til 20. august. Kyrkja er open for omvising alla dagar i tidsrommet 10.00–18.00 når det ikkje er kyrkjelege handlingar.



Vi søker to ungdommar som kan vere sommargaidar i Vidalen stavkyrkje.

Arbeidsoppgåver

Som gaid har du medansvar for billett- og varesalet i tillegg til omvising i kyrkja.

Kvalifikasjonar

Du må kunne formidle stavkyrkja si historie på norsk og engelsk. Språkferdigheiter, kunnskap om kyrkja og evne til å formidle vil vi leggje stor vekt på.

Vi tilbyr

- gaidkurs
- kurs i brannvern
- lønn etter tariff

Arbeidsvilkår

Du må rekne med å jobbe i turnus på fem av vekedagane, og du må binde deg til tre helgevakter. I turnusen legg vi inn tre veker med ferie.

Generelle opplysningar

Kyrkja er til for alle aldersgrupper. Kyrkjeleg fellesråd ønskjer å rekruttere ungdom av begge kjønn som kan vere fasta gaidar i framtida.

Søknadsfrist og søkjemåte

Send søknaden din med attestar til Vest-Aurdal kyrkjeleg fellesråd, Gråbeinvegen 101, 9999 VIDALEN seinast 16. mai.

Kontaktinformasjon

Vil du vite meir og stillinga, kan du kontakte kyrkjevevjerje Berte Sandvikskollen på mobil 99 99 99 99 eller på e-post kyrkjevevjerjen@vidalen.no.